



Reknes byggjevarer L.L  
Selvåg  
5986 HOSTELAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3177 - 15/1933

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
10.02.2015

## Revidert mellombels bruksløyve gbnr 139/47 Tveiten nedre - bustad.

**Administrativt vedtak. Saknr: 028/15**

**Tiltakshavar:** Katrine Thomassen  
**Ansvarleg søkjar:** Reknes byggjevarer L.L  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

### Saka gjeld

Det vart søkt om ferdigattest for riving av eksisterande hytte og oppføring av ny bustad på gbnr 139/47, jf søknad mottatt 20.11.2014. Kommunen gav mellombels bruksløyve i vedtak datert 12.12.2014, men har i etterkant av at vedtak vart fatta sett det naudsynt å retta opp vedtaket i høve til vurderinga som vart gjort når det gjeld søknad om ansvarsrett for uavhengig kontroll.

Føretaket DAK Partner AS søkte om ansvarsrett for kontroll av fuksikring. I gjennomføringsplanen er det skildra «uavhengig kontroll av fuksikring og lufttetthet». Søknaden om ansvarsrett vart ved ein inkurie ikkje handsama i samband med at det vart gitt byggjeløyve i saka.

### Vurdering

Dersom det er manglande samsvar mellom ansvarsinndelinga i gjennomføringsplanen og dei enkelte søknader om ansvarsrett, går søknadane om ansvarsrett framfor. Kommunen finn etter ei ny vurderinga av søknaden om ansvarsrett for fuksikring at denne kan godkjennast. Kontrollføretaket er her ei anna juridisk eining enn det føretaket som har utført arbeidet som skal kontrollerast, dvs Murerfirma Per Arne Bekken AS, og utan personleg tilknytning.

Kommunen vurderer at føretaket DAK Partner AS ikkje kan godkjennast for kontroll av lufttettleik dersom søknaden om ansvarsrett også hadde omfatta dette kontrollområdet då kontrollføretaket og det utførande føretaket har personleg tilknytning. Søknad om ansvarsrett frå føretak som kan godkjennast for kontroll av lufttettleik må vera send inn og godkjend før det kan gjevast ferdigattest for tiltaket. Gjennomføringsplanen må rettast.



Vedtaket om mellombels bruksløyve vert rettat opp i høve til vurderinga over.

#### Skildring

Adresse:	Skarsvegen 65
Bygningstiltak:	Riving av hytte med bygningsnummer 176 256 028 Oppføring av bustad med bygningsnummer 300 474 518
Bruksareal:	200
Avløp:	Privat
Vatn:	Offentleg
Tal på røykløp:	1

#### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf § 23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrett:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL.	ANSVAR SOMRÅDE
KTR	DAK PARTNER AS	985005362	L	1	Kontroll av fuksikring

\*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for bustad på gbnr 139/47 på følgjande vilkår:

- Det må sendast inn søknad om ansvarsrett for kontroll av lufttettleik frå uavhengig føretak før ferdigattest kan gjevast. Gjennomføringsplanen må rettast.
- Kopi av løyve til utvida avkjøring frå fylkesveg må sendast inn før ferdigattest kan gjevast.
- Ferdigattest skal liggja føre innan 15.06.2015.

#### Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyrast. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vera tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/3177.

**GEBYR**

Det vert ikkje fakturert gebyr i saka.

Med helsing

Tor Hegle  
avdelingsleiar byggesak

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Katrine Thomassen                      Skarsvegen 65                      5911                      ALVERSUND

**Mottakarar:**

Reknes byggjevarer L.L                      Selvåg                      5986                      HOSTELAND